



# ÅRSMELDING

## 2019



# ÅRSMELDING 2019

Hovedstyrets sammensetning.  
Arbeidsutvalget.

Leder: Erland A.Løkken  
Nestleder: Erik Vadet  
Kasserer: Inger Gråberg  
Sekretær: Else Hole Ulekleiv

Dei øvrige styremedlemmer.  
Gruppene med gruppeleder:

Allidrettsgruppa: leder:Tarjei Løkken.  
Alpin/snowboardgruppa: leder:Morten Siljehaug  
Hoppgruppa: leder:Knut Sørlien.  
Langrenn/skiskyttergruppa: leder:Gunnar Bentsdal/Kristine Stuedal  
Trim/friidrettsgruppa: leder:Harald Frich.  
Fotballgruppa: leder:Knut Petter Haadem  
Kvardagstrimmen: leder:Morten Flateng.

Trim/friidrett-hopp og kvardagstrimmen er «sovende»grupper.  
Leder i Trim/friidrett møter på innkalte møter,dei to andre møter ikkje.

Møter i arbeidsutvalget og hovedstyret.

Det er i 2019 gjennomført 9 møter i arbeidsutvalget og 2 møter i hovedstyret +1 møte med Langrenn/skiskyttergruppa.Ialt har det vore behandla 66 saker.

Ole Petter Brendstuen var her og heldt ein orientering korleis Kvam il greier å ha ein 100% stilling som dagleg leder i idrettslaget.

Leder Erland er medlem av snølagringsprosjektet og har deltatt i møter der.

Likeså har leder deltatt i ein del styremøter i nokre av gruppene.

Nestleder Erik har hatt hovedansvaret for utarbeiding av ny Heimeside og han har leda arbeidet med ny omorganisering av DIL,der ein

ser på moglegheita med å ansette dagleg leder.

Øvrige valg som velges på årsmøtet.

\*Det skal velges kontrollutvalg. Det vart vedtatt på idrettstinget i 2019.

\*Det vart vedtatt noen forandringer/justeringer av lovverket i 2019

Revisorer:

Harald Frich

Ola Lysbakken

Utsending til årsmøte i Dombås kino og kulturhus A/L:

Erland A.Løkken

Utdanningskontakt:

Representanter Dovre idrettsråd:

Erland A.Løkken/Else Hole Ulekleiv

Valgkomite:

Vemund Rundtom

Fredrik Flateng

Stian Ovrum

Medlemskap.

Dombås idrettslag er medlem av Dovre idrettsråd, Norges Snowboard-forbund, Norges ski-forbund, Norges friidretts-forbund, Norges fotball-forbund, Norges skiskytter-forbund, og Oppland idrettskrets.

Antall medlemmer.

300

Æresmedlemmer.

Dombås idrettslag har ved utgangen av 2019 følgende æresmedlemmer:

Erling Fjellstad, Jørgen Berg-Domås, Steinar Nyhagen, Erland

A.Løkken, Gunnar Bentsdal, Torbjørn Moen, Oddhild Fjørtoft, Knut Sørlien,

Tora Berger,Lars Berger,Ivar Michal Ulekleiv,Roar Nilsen,Arnfinn Killi,Hilde Kathrine Engeli,Syver Berg-Domås,Roy Fjerdingby,Ståle Myhren,Ola Tovmo,Hans Olav Arnekleiv, Njål Nyløkken.Jostein Kjærstad,Arne Stigen og Jan Lyngen

Hederstegn.

Dombås idrettslag har gjeve hederstegn til følgende personer:

Johan Benjaminsen,Arne Sem,Inge Nicolaysen,Trond Berger,Kari Enger, Gunnar Bentsdal,Hans Nyhagen,Asbjørn Amble,Fred Arne Hessen,Jostein Kjærstad,Arnfinn Killi,Roy Fjerdingby og Åse Bentsdal.

I forbindelse med premieutdelingen ved NM i skiskyting i mars 2016 vart Ola Tovmo tildelt skiskytter-forbundets bordfane.

Ellers er det ikkje foretatt tildelinger i 2019.

Struktur/rolleavklaring mellom arbeidsutvalg og gruppene.

Detter er femte periode hvor hovedstyret har bestått av eit arbeidsutvalg(denne periode har vi kjørt med 4 medlemmer)samt dei 7 gruppeledere.Håndballgruppa er nedlagt og friidrett-hopp og volleyball- har skifta navn til Kvardagstrimmen- er i kvilemodus..

Arbeidsutvalget har fungert godt og og vi prøver å halde god og viktig kommunikasjon til gruppeledere.

Poengterer det er viktig at også dei held open dialog til oss og at vi samkjøyrer mot felles mål-DIL sitt beste.

Økonomi.

Økonomien i Dombås idrettslag er stabil og god.

Det vises forøvrig til regnskaps-avleggelsen.

Utbyggings-gruppa ski/skiskyting.

Følgende tiltak er gjennomført i 2019:

1.Ny garasje:

\*Vi ble ikke prioritert ved spillemiddeltildeling i 2019.

\*Momskompensasjon etter garasjebygginga på kr.105 856 er inne på konto.

\*Tippemiddelsøknaden ble fornya høsten 2019.Dette må gjøres kvart år til



pengene er innvilga.

2.Asfaltering av løypesløyfe som går rundt strafferunde-området ca.200m.

3.Lån til fotballgruppa i forbindelse med bygging av fotballhall er tilbakebetalt.

4.Kjøp av brakkerigg fra Ola Håkon Korsvold.8 brakker er plassert sør for rennkantoret.Disse skal brukes som smøreboder.Dugnadsgjengen har gjort en formidabel innsats for å få satt istand brakkene slik at de kan brukes.

5.Fiber: Gunnar Bentsdal har hatt mye arbeid med å få dette på plass og i 2020 vil fiberkabelen vera på plass.Det er underskrevi kontrakt med Eidsiva.

6.Dugnadsgjengen har satt opp gjerde og rydda på stadion i løpet av høsten.

7.Snølagringsprosjektet.Viser til egen rapport som vert utarbeidet av Steinar Tolf Jacobsen.

#### Fotball/Dombåshallen:

Det vart søkt om tippemidler i 2017,den vart fornya i 2018 og i 2019 fekk vi tildelt kr.849 000.Med bakgrunn i et meget godt forarbeid av prosjekteringsgruppa og god innsats fra økonomigruppa,vil fotballgruppa ha betalt ned all gjeld på hallen i løpet av 2020.Pr dags dato gjenstår det to private lån på kr.300 000 til hver..

Hallen har vært til stor glede for store og små.Den har blitt brukt aktivt av lag og spillere gjennom hele året.I fotballeongen er det stort sett fullt belegg i vekedagene og flere helgedager.Det har også vært arrangert flere dager med åpen hall.Der har de som har ønsket å benytte hallen til ballspill,fått muligheten til det.

#### Freeski/snowboard:

Dugnad hausten 2019 fekk satt ned stolper og satt opp mer/ny parkbelysning.Frivillige + Ove jobbet for snølegging og tidlig park. Filming fra park,reklame for anlegg og klubb.

#### Allidrett:

Maksgrense pr.gruppe:18 barn.Vert for mykje støy og uro med større grupper.Det vart innkjøpt ein del nytt utstyr høsten 2019.Det gamle var nedslitt.

Dombås Brattaste.

Dombås Brattaste er eit motbakkeløp som har vore arrangert to gonger med svært god deltakelse. Det er Ida Amble Ruge som er primus motor for dette arrangementet som går under Trimgruppa.

Sportslege resultat:

Dombås idrettslag makter å få fram utøvere som presterer svært godt både nasjonalt og internasjonalt.

Gode skiskyttere har DIL hatt mange av, og dette fortsetter.

Nå er det utøvere i aldersbestemte klasser som hevder seg meget godt både nasjonalt og internasjonalt.

Laget har fleire utøvere innen freeski og snowboard som er helt på topp internasjonalt.

En del skiskyttere i DIL som ikke hadde noe støtte-team, meldte seg inn i Team Hugaas. DIL har gått inn for dette og i følge årsmeldinga fra Team Hugaas står følgende: Team Hugaas har stabil økonomi. Regnskapet viser et overskudd på 110 892,20 for 2019. Dette er etter treningsavgifter er utsendt og medtatt som fordring i regnskapet. Overskuddet vil ved sesongslutt være betraktelig mindre ettersom vi har budsjettert med flere samlinger i kommende mnd. Teamet er økt fra 5 til 12 medlemmer og det er ansatt trener i 60% stilling.

Det vises forøvrig til gruppenes årsmeldinger.

Vi er stolte og vi gratulerer ALLE!

Gruppenes årsmeldinger og regnskap vedlegges lagets årsmelding/regnskap og distribueres under årsmøtet

Idrettslaget forsikringer.

Dombås idrettslag har to generelle forsikringer som omfatter aktivitet for medlemmene. Alle medlemmer til og med det året dei fyller 12 år er

omfattet av NIFs barneidretts-forsikring.

Fra og med det året medlemmet fyller 13 år omfattes dei av Ifs klubbforsikring.

Den andre generelle forsikringen er ein ansvarsforsikring som dekker det rettslige erstatningsansvar som idrettslaget og deira undergrupper kan pådra seg-med ein forsikringssum inntil kr.10 000 000,-pr.forsikringsår. Forsikringen omfatter vanleg drift av idrettslaget,herunder salg av kioskvareer,møtevirksomhet,ansvar som idrettslagets medlemmer kan pådra seg under trening og reise,utførelse av trener/dommerverv-samt ansvar som arrangør av idrettsstevner/kamper.

Det er den enkelte gruppes ansvar å påsjå at det vert informert om disse forsikringer.Det betyr at dei som er med på aktiviteter i idrettslagets regi utan å vera medlem(ikkje har betalt kontingenten)i idrettslaget-ikkje er forsikra.

I tillegg har idrettslaget forsikring av hus og anlegg på Dombås skistadion,Myra og Alpinbakken med Sparebank 1Forsikring.

Organisasjonsnummer i Norges idretts-forbund.

Dombås idrettslag er registrert i Norges Idrettsforbund med klubbnummer: KL05110003 i adresse [www.idrett.no/idrettsregistreringen](http://www.idrett.no/idrettsregistreringen).

Organisasjonsnummer i enhetsregisteret og Frivillighetsregisteret i Brønnøysund.

Dombås idrettslag er registrert i enhetsregisteret i Brønnøysund med organisasjons-nummer:884 048 672.Registrert 5/2002.

Denne registreringen er nødvendig blant anna for å ha tillatelse til å ha lotteri,bingo og spilleautomater.

Tillatelse til lotteridrift fra Lotteritilsynet.

Lotteritilsynet vart oppretta i 2001 og skal godkjenne alle som skal gjennomføre aktiviteter som omfatter lotteriloven.

I desember 2001 vart søknad sendt om tillatelse sendt fra Dombås idrettslag til Lotteritilsynet.Godkjenning fra Lotteritilsynet kom i april 2002 med tillatelsenummer: 2 002 004 840.

Klubbens arkiv.

Det er vanleg i idrettslag og foreninger at papirene er heime hjå dei som driver aktivitetene. Slik skal det også vera i Dombås idrettslag.

Hovedstyret med gruppelederne har vedtatt at den enkelte gruppe skal ha papirer og regnskaper for inntil 3 år for dei som sit i gruppestyrene.

Med overgang til ett felles regnskap må Hovedstyret oppbevare dette..

Den enkelte kasserer beholder permer med bilag og overleverer dette til den som tar over vervet ved nye valg.

Papirer og regnskaper elder enn 3 år skal leveres Nordalsarkivet.

Hovedstyrer vil finne praktiske løysinger for oppbevaring både på kort og lang sikt.

Fylkeskommunale midler.

Fra 2002 vil vi pga. den nye sektorplan for idrett av 2001 kun få fylkeskommunale midler til våre anlegg i tilknytning til store mesterskap/arrangement etter visse kriterier.

Søknadsfrist er 1 okt. til idrettsrådet i kommunen kvart år.

Sendes videre fra idrettskretsen innen 1 nov. til Oppland fylkeskommune, idrettskonsulenten.

Statlige midler.

Søknadsfrist er 1 oktober til idrettsrådet i kommunen kvart år.

Sendes videre fra idrettsrådet innen 1 november til Oppland fylkeskommune, idrettskonsulenten

Fordeling av tilleggsmidler til idretten.

Tilskudd fra kulturdepartementet.

Tilskudd gis til lag og foreninger som aktiviserer barn og ungdom.

Dovre idrettsråd administrerer ordningen i Dovre kommune.

Det skal dokumenteres at disse midlene blir brukt til aktivitets-fremmende tiltak for aldersgruppene 6-19 år.

LAM:

I 2019 fekk laget kr.110.384

60%, kr.66.230,40 overført til fotballgruppa.



40%,kr.44.153,60 beholdes i hovedlaget.

Fordeling av tippemidler/grasrotandelen.

I 2019 fekk laget kr.106.353,88

70% kr.74.447,70 overført til fotballgruppa.

30% kr.31.906,20 beholdes i hovedlaget.

Kulturmidler fra kommunen.

Årlig tildeling fra kommunen skal fungere som driftstilskudd.

Fordeling av disse midlene bør gjøres slik,avhengig av størrelsen på tildelingen.

\*70% av driftstilskuddet vert beregna på grunnlag av dei utgifter til drift og leie av anlegg inkludert strøm som det enkelte idrettslag måtte ha.

30% beregnes på grunnlag av den idrettslege aktiviteten i laget.

I 2019 fekk laget kr.83.500,-

I henhold til møte i arbeidsutvalget fordeles kulturmidler til gruppene:

Freeski/snowboard:20% kr.16.700,-Ski/skiskyting 40% kr.33.400,-Fotball

40 %kr.33.400,-

Søknadsfrist 1 april kvart år

Likeledes må det søkes om støtte til vedlikehold av anlegg.

Mva kompensasjon på driftsutgifter-søkes innen 15 august kvart år..

Grunnlag for tildeling i 2019:

Driftsutgifter kr.2.387.925,-

Momsoverføring kr.155.379,-

Beregningsgrunnlag 6.506%

Overførte til:

Hovedlag kr.36.027,40

Fotball kr.54.076,90

Ski/skiskyting kr.49.565,30

Freeski/snowb. kr.11.615,20

Allidrett kr.1.445,60

Friidrett/trim kr.2.264,20

Minnegaver.

\*Dombås idrettslag mottok Minnegave etter Knut Bjørseths begravelse i

2015 på kr.15 000.

Juni Arnekleiv og Øystein Ulekleiv fekk kr.2.500 kvar i 2019.

Dette var siste tildeling av denne minnegaven, fra før har Kristin Krukhaug og Kristoffer Sverdrup fått kr.5000 kvar.

\*Minnegave etter Johan Sollis begravelse.

Kr.16 000 skulle gå til ski/skiskytter-gruppa.

Det er bestilt ein akvarell av Kari Utgaard som skal pryde ein vegg på kafe-bygget (stadion) til kr.6000 -dei resterande kr.10 000 er overført ski/skiskyting.

Større arrangement:

Det har vore følgende større arrangement i 2019

Dovrefjellrennet

Dombås Brattaste

Dombås-rennet i skiskyting.

KM Freeski

Snøhetta cup i mai.

Tine fotballskole i juni

GD-ligaen i september.

Supersøndag i september

Utfordringer.

\*Stimulere til fortsatt stor aktivitet inne langrenn/skiskyting, fotball og snowboard/freeski.

\*Få til eit friidrettsmiljø på nytt. Skape arrangement på sommertid.

\*Videreutvikle Dombås Brattaste-motbakkeløp arrangert av Ida Ruge Amble og gode hjelpere fra DIL. Dette ble lagt under Trim/Friidrett.

\*Sikre tilstrekkelig med inntekter for å kunne vedlikeholde og videreutvikle våre idrettsanlegg-samt sikre gode aktivitets-tilbud.

\*Det er viktig å sikre areal for framtidige, moderne løypetraseer, slik at ein har moglegheit til å søke på større arrangement som NM OG NC i langrenn.

\*Viktig å få på plass ALLE kriterier for å kunne søke og få store mesterskap. ( C-lisens )

\*Laget må auke sin tilstedeværelse i fora der beslutninger blir tatt. Det betyr primært på møter i idrettskretsen og i særforbund på kretsnivå.

\*Fortsette arbeidet med etableringen av ein organisasjon og eit einhetlig

system for økonomi og regnskap der laget's totale forpliktelser vert i varetatt iht.lovnormen.

\*Sikre god økonomistyring slik at egenkapitalen ikkje forvitrar over tid. Denne må sjåas på som Dombås idrettslag fundament.

Takk fra hovedstyret.

Hovedstyret vil takke alle medlemmer for den innsatsen som er gjort i året som er gått.Det er i gruppene aktivitetene legges til rette og drives.Gruppestyrene med trenerne har ofte ein entusiasme og glede over idretten som også stimulerer foreldrene slik at dei engasjerer seg i barnas aktiviteter.

Takk til dei av dykk foreldre som stiller opp som tillitsvalgte,trenere, oppmenn,kaffekokere,heiagjeng-og ikkje minst skaper eit godt miljø som barn og ungdom kan trives i-både på trening og på dugnader.

**TAKK FOR ALL DUGNAD SOM NEDLEGGES-TAKK FOR ALLE TIMENE!!**

Idretten står sterkt i Dombås idrettslag-og våre utøvere har ein rekke fantastiske,gode plasseringer både nasjonalt og internasjonalt.Slike resultater har kome gjennom systematisk satsing og trening gjennom mange år,takket være gode trenere,godt miljø og alle mesterne som har gått foran som ledestjerner.

Det er bevis for at det jobbes godt og riktig i gruppene våre Hovedstyret er stolte over alt som nedlegges av arbeid i gruppene,for all den positive oppmerksomheten som Dombås idrettslag hauster gjennom dei flotte prestasjoner som våre utøvere skilter med!

Det å tilhøyre eit slikt team er umisteleg.

Hovedstyret håper at idretten i åra som kjem vil gje mykje positiv glede til barn,ungdom og voksne.


Dombås 19 mars 2020

Erland A.Løkken  
leder


Inger Marie Gråberg  
kasserer

Erik Vadet  
nestleder

Else Hole Ulekleiv  
sekretær



# ORGANISASJONSKART DOMBÅS IDRETTSLAG



## Hovedstyret er:

- Leder
- Nestleder
- Kasserer
- Sekretær
- Lederne i alle gruppene

## Arbeidsutvalget er:

Leder • Nestleder • Kasserer • Sekretær

Gruppene er organisert på flere måter avhenging av størrelse på aktivitet.

Ski/skiskyting og fotball har egne anlegg/utbyggingsgrupper.

Ski/skiskyting har egen ordning for snøproduksjon  
(et samarbeid med Dovre kommune)

Februar 2020